

## Årsmøte

29. mars på Valdres Folkemuseum

**Desse møtte:** Runar Kolsrud (Begnaljøm), Ivar Hemsing (Valdreskvelven), Jan Arne Sæbuødegård og Oddrun Hegge (Vårflaumen), Marit Karlberg og Frank Rolland (Øystre Slidre), Frode Rolandsgard (Vestre Slidre), Ole Aastad Bråten (Valdresmusea), Sivert Holmen (VF AS), Guro Råheim Kvam (styret), Bjørn Strand (styret).

1. Innkalling og sakliste godkjendt. Guro vart vald til å lede møtet og Bjørn til skivar. Marit og Oddrun vart valde til å skrive under protokollen, mot tre stemmer.
2. Årsmelding  
Avsnittet under FolkemusikkUng: « Valdres folkemusikklag gjennomførte ungdomssamling....» blir stroke.  
Elles vart årsmeldinga godkjendt.
3. Går ut.
4. Rekneskap Vfl og minnefond.  
Arv frå Kjellaug Bolstad på kr. 50.000 har styrka minnefondet etter Torleiv Bolstad  
Rekneskapet vart godkjendt.
5. Arbeidsprogram 2019  
**Ungdomssatsinga:** «Utanlandstur» blir erstatta av «tur». Turen kjem til å gå til Førde.  
«Hallingdal juniorspelemannslag» blir erstatta av «andre ungdomsgrupper».  
**Heimesida:** Vi må ta i bruk nettsida vår meir. Kalendaren bør brukast aktivt. Styret utnemner ein nettredaktør så fort som råd.  
**Minnefonda:** Det vart drøfta om laget bør overføre pengar til minnefonda. Saka bør takast oppat som eget forslag til årsmøtet i 2020. Styret skal sjå på dette, og på statuttane for minnefonda.  
**Ymse:**
  - Laget bør få oversikt over materiale (kulissar m.m); kor dette er lagra og vurdere kva som bør takast vare på.
  - Følgje opp avtala med kulturskulane.
  - Drive folkemusikkpolitisk arbeid.
  - Varamedlemmer til styret bør kallast inn eller haldast orientert om kva som skjer i styret.
  - Redaksjonell endring: Stryke under «Midla kan vera...» : «å ta vare på dei som alt er aktive...»

6. Budsjettet

Kostnader: Inntil 10.000 kr til IT-arbeid (heimesida) post 6810

Inntekter: Tilskudd frå fylkeskommunen må inn på inntektssida: kr. 30.000

Post 3410

7. Medlemspengar, lagskontingent og bladpengar for 2020

Medlemspengar og lagskontingent blir uendra. Bladpengar er ikkje aktuelt då me ikkje har noko blad.

8. Oddrun la fram valnemda sitt forslag:

**Styret i VFL**

Bente Hemsing	Leiar	Vald for 1 år
Frode Rolandsgard	Styremedlem	Vald for 2 år i 2018
Kyrre Strand	Styremedlem	Vald for 2 år i 2018
Bjørn Strand	Styremedlem	Vald for 2 år i 2019
Guro Råheim Kvam	Styremedlem	Vald for 2 år i 2019
Mari Ormberg	Repr. Valdresmusea	Utpeika av Valdresmusea
Anne Haugen Kolsrud	1. varamedlem	Vald for 1 år
Mona Håvelsrud Svarre	2. varamedlem	Vald for 1 år
Ingvild Lie	3. varamedlem	Vald for 1 år

**Revisorar**

Runar Kolsrud og Kim Tronrud. Begge blir valde for eitt år i 2019.

**Nemnda for minnefonda**

Andris Kvam	Vald for 3 år i 2017	Ikkje på val – 1 år att
Ole Aastad Bråten	Vald for 3 år i 2018	Ikkje på val – 2 år att
Torunn Hagen Bolstad	Vald for 3 år i 2019	Ny

**Valnemnda**

Ivar K. Hemsing	Vald for 2 år i 2018	Ikkje på val – 1 år att
Oddrun Hegge	Vald for 3 år i 2018	Ikkje på val – 2 år att
Eli Marit Fuglesteg	Vald for 3 år i 2019	Ny, forslag frå styret

Valnemnda si innstilling vart samrøystes vedteke.

Avtroppande leiar Guro Råheim Kvam vart takka for innsatsen med stor applaus.

*Oddrun Hegge Marit Karlsen*